

ORDNING FOR

# Ordinasjon og innsetjing av forstandar og/eller eldste i same gudsteneste

Den Evangelisk Lutherske Frikyrkja

---

## Orientering

1. Til tenesta med Ord og sakrament (hyrdingtenesta) kallar og ordinerer ein i kyrkja vår forstandarar og eldste. Presbyteriet sin tilsynsmann ordinerer forstandarar. Kyrkjelyden sin forstandar ordinerer dei eldste.
2. Innsetjinga går føre seg i ei gudsteneste i kyrkjelyden.
3. Ordinanden(ane) **O**, ordinator og liturg **L**, og dei som assisterer ved handlinga, tek plass fremst i kyrkja
4. *Kursivering* vil seia at liturgen skal tilpassa orda til den aktuelle situasjonen med omsyn til kjønn og tal, for eksempel han / ho, han / henne, det / dei / osv.
5. Salmar: Lovsongar til Gud som skapar, Kristus som frelsar og Den heilage ande som rettleiar, bønerop, lovprisingsvers, forkynnande songar og åndelege viser. Desse vert fyrst og fremst framført av kyrkjelyden i fellesskap, men kan òg bli sunge av kor/korgrupper, solistar o.a. Salmen skal understreka den bibelske karakteren i den kyrjelege handlinga og hjelpa dei frammøtte i å tru Guds ord og vilje.

## **1 Salme**

Handlinga tek til med ein passande salme/ song. Dei som tek del, kan koma inn i prosesjon og tek plass framme.

## **2 Presentasjon og bøn**

Her kan ein seia:

**L** Kjære kyrkjelyd.

Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus.

**L** Kyrkjelyden har kalla (namn) til teneste som *forstandar/ eldste*.

Den som skal innsetjast reiser seg når namnet vert nemnt.

**L** For at vi skal få del i den frelsande trua og bli bevart som kristne, har Gud innsett ei særskilt teneste med å forkynna evangeliet og forvalta sakamenta. Han har gjeve si kyrkje i oppdrag å kalla og innsetja personar som har tillit i kyrkjelyden til denne tenesta. Difor skal vi i dag, på apostolisk vis, ved handspålegging og bøn, vigsle (namn) til *forstandar/eldste*, med ansvar for den hyrdingtenesta som Gud har innsett i sin kyrkjelyd.

Her kan ein be:

**L** Lat oss be.

Evige Gud, du som kan bruka veike og syndige menneske i di teneste, vi takkar deg fordi du kalla apostlane og grunnla din kyrkje på jorda. Vi bed deg, velsign (namn) ved din Ande, du som gjev kraft, kjærleik og visdom. Hjelp oss alle til å tena deg med nådegåvene våre og alt vi eig, så vi saman kan byggja kyrkjelyden på den eine, sanne grunnvollen, Jesus Kristus vår Herre.

Den som skal innsetjast, set seg.

Kyrkjelyden stemmer i ein salme om Den heilage ande, for eksempel dei to første versa av «Kom, Hellig Ånd med skapermakt».

(ÆvG 218, v. 1-2).

### **3 Skriftlesing**

**L** Lat oss høyra kva Guds ord seier om den heilage tenesta.

To av følgjande tekstar vert lese av dei som assisterer.

**L** Det står skrive i

- a) Matt 28,18-20
- b) Joh 20,19-23
- c) Joh 21,15-17
- d) Tit 1,7-9
- e) 1 Pet 5,1-7
- f) Mal 2, 5-7

Den som les siste teksten, avsluttar med:

Slik lyder Herrens ord.

Her kan ein syngja, for eksempel ÆvG 218,v. 7.

### **4 Ordinasjonstale**

Ordinator held ein kort tale over ein passande tekst, gjerne ein av dei som er lese. Talen rettast dels til ordinanden og dels til kyrkjelyden. Etter talen går den som skal vigslast, fram. Dei som assisterer reiser seg.

## **5 Formaning og lovnad**

**L** Guds ord talar til oss om hyrdingtenesta, om dei lovnader og krav som kviler over ho. Jesus har lova å vera med tenarane sine alle dagar så lenge verda står. Ein hyrding skal vaka over kyrkjelyden, slik at han vert bygd opp, tru mot sanninga i kjærleik.

Når denne kyrkjelyden no har kalla deg til teneste, spør eg *deg*:

- Trur *du* at skriftene i Det gamle og Det nye testamentet er Guds ord og at dette Guds ord er den einaste regelen og rettesnora for tru, lære og liv?

**O Ja**

Sluttar du deg til vedkjenningskriftene til den lutherske kyrkja?

**O Ja**

Elskar *du* vår Herre Jesus? Elskar *du* samfunnet av dei heilage? Vil *du*, så langt Gud gjev *deg* nåde til det, arbeida for at Jesu Kristi kyrkje skal vera eitt, byggjast opp og utbreiast, og forkynna Guds ord reint og forvalta dei heilage sakramenta i samsvar med Herrens innstifting?

**O Ja**

**L** Når Herren no tiltrur *deg* ei hyrdingteneste i kyrkja vår, pålegg og formanar eg *deg* til

- å leia i kjærleik
- å vaka over kyrkjelyden i bøn, og hjelpa han til å halda fast ved Guds ord

- å formana og rettleia til sann omvending, levande tru og eit heilagt liv
- å leva i venleg mildskap mot alle menneske, etter Jesu Kristi førebilete
- å trengja stadig djupare inn i Den heilage skrifta og sanningane i den kristne trua.

**L** spør kvar einskild

(Namn), lovar du for Guds åsyn og i nærvær av denne kyrkjelyden at du vil gjera dette med truskap, ved den nåde og kraft som Gud vil gje deg?

**I** Ja

**L** Så gje meg handa på det.

Den som vert innsett, stadfestar lovnaden med handslaget.

## **6 Handspålegging og bøn**

**L** Den allmektige Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, trur deg frå no av til den heilage tenesta med Ordet og sakamenta i si kyrkje. Så overgjev vi deg denne tenesta i namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og vil be om Herrens velsigning og utrusting..

Ordinanden knelar. Dei som deltek, legg handa på hovudet hennar/hans og bed ei kort bøn kvar. Liturgen avsluttar med bøn, for eksempel:

**L** Miskunnsame Gud, himmelske Far. Vi takkar deg for den tenaren som her knelar for ditt åsyn. Send *henne/han* din Ande med gåver til tenesta, så *ho/han* kan bli ein trufast hyrding, og ein vis og tålmodig tenar for kyrkjelyden din. Ver med *henne/han* i motgang og prøvingar,

gje *henne/han* styrke til å li for evangeliets skuld, og hjelp *henne/han* til å lita på deg under alle forhold. Gje *henne/han* å tena deg slik at ditt folk kan bli styrkt og ditt namn bli æra, no og alltid.

**A** Vår Far i himmelen!

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freistung,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt,

og makta og æra i all æve.

Amen.

Den som nå er innsett i tenesta, reiser seg.

## 7 Framstilling og formaning til kyrkjelyden

**L** Kjære kyrkjelyd.

Så framstiller eg (namn) som retteleg kalla og innsett til teneste som *forstandar/eldste* for denne Guds kyrkjelyd. Tak imot *henne/han* i kjærleik og gjev sjølve akt på det som Herren formanar sin kyrkjelyd til.

Det står skrive i brevet til Hebrearane kapittel 13:

Ver lydige mot leiarane dykkar og rett dykk etter dei! For dei vaker over sjelene dykkar og skal ein gong gjera rekneskap. Sjå til at dei kan gjera det med glede, utan å sukka. Elles blir det ikkje til gagn for dykk.*Heb 13,17*

Paulus skriv òg:

Vi bed dykk, sysken, at de må verdsetja dei som slit og arbeider mellom dykk, dei som er dykkar føresette i Herren og rettleier dykk. De skal visa dei den største kjærleik og respekt på grunn av den gjerninga dei gjer. Lat freden råda mellom dykk!

*1 Tess 5,12-13*

Slik lyder Herrens ord.

## **8 Salme**

Her kan ein syngja ein kort salme.

## **9 Vita og preike/helsing**

Den innsette kan her dela sitt vita, halda preika for dagen eller koma med ei helsing.

## **10 Salme**